



# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

Februar/Mars 1977

31. årg.

### «Herre Davids son gjer sælebot på oss!»

Me er komne inn i fastetida. Me minnes Jesu gang til Golgata, der han leid døden på krossen. «Han som ikkje visste av synd, vart gjort til synd for oss, som me skal verta rettferdige for Gud ved han.» «— Der er ikkje frelse i nokon annan, for det finst ikkje heller noko anna namn under himmelen, som er gjeve millom menneske soleis at me skal verta frelste ved det».

Læresveinane åtvare Jesus mot å gå til Jerusalem denne gongen: «Sist du var der ville dei drepe deg, og no går du dit att?» Men ingen ting kunne hindra han. Skulle han fullføra den gjerning han var komen for, so måtte han gå til Golgata. Han visste kva som venta han der.

Denne bønna, vart bede med angstfulle rop — av ei heidningskvinna, den kananeiske kvinna som bad for barnet sitt. Og denne bønna høver for oss alle å be i denne faste tida. Jesus

Frelsar gjer sælebot på oss i denne tid!

Når me ser på oss sjølve, me som dagleg vert freista av synd, og so ofte lid nederlag, må me be: Jesus Frelsar gjer sælebot på meg, so eg ikkje må massa den frelse du kjøpte so dyrt for meg! Di klårare me ser sanninga om oss sjølve, di meir inntrengjande blir denne bønna.

Ser me på vårt land og folk, kan me ikkje unngå å sjå at øydeleggjande krefter herjar mellom born og unge, og at den store likesæla som Bibelen talar om skal koma før endetida, legg si klamme hand over store deler av folket vårt. La oss be: «Jesus Frelsar gjer sælebot på oss!» Forlat oss vår synd og likesæla. Flytt ikkje ljosestaken frå oss, men lat ditt ord lysa oss og vårt folk ut av mørke og likesæla!»

Prøver me å sjå framover, må me ottast. Krefter som kan øyda alt liv

på jorda, er alt oppfunne, og ligg lagra. Alle ser fåren og snakkar om fred og nedrustning, men likevel vert våpenlagra større og meir øydeleggjande for kvart år. Lat oss be: «Jesus Frelsar gjer sælebot på oss, og frels oss, slik at når denne verda forgår og gjeng under, so flytt oss inn på den nye jord der rettferd bur, og der du ein gong vil samla alle dine. Herre høyr vår bøn!

*For all verdens syndebrøde  
Mätte Jesus pinlig bøte  
Tåle spott og sår og bånd.  
Og tilsist all livets kilde  
Mätte også dø og ville  
Segnet og oppgav sin ånd*

*O, la aldri noensinne  
Korsets tre meg gå av minne  
Som deg Frelsens fyrste bar.  
Men la kors og død og smerte  
Tale, rope i mitt hjerte  
Hva min frelse kostet har!*

N. 779. v. 4,6.

Lars Bjørsvik.

## Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam  
Telefon Dalekvam 2261  
Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull meterverer  
Strikke- jakker og gensere

## A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

## Minne ord

Vår inderlig kjære bror Johannes Eikemo, døydde irå oss 2/1 1977. Med han er ein godlynt og venesæl mann borte. Han var so kjær for oss alle når han kom heim til barndom heimen på Eikemo. «Hadde eg ikkje hatt so god heim, hadde eg ikkje reist so ofte heimatt», var ordi han. Han var ein usedvanlig dyktig arbeidskar, sa folk om han i ungdomsåra. So bar det til Manger fylkesskule. Ein god ven sa det slik, «Det var den gildaste tid eg har hatt i mitt liv, då Johannes og eg budde saman på fylkesskulen.» Seinare tok han handelsskulen i Ørstad, og byrja som handelsmann på Breistein i Asane. Handelen byrja i ein liten kjellar. Varene bar han frå båten i ei stor kipa som han fekk av bestefar. Det gjekk bra framover med forretnnigen, og han slo seg til i Åsane. Johannes var glad i song, og var med å skipa eit mannskor. Han var trufast med i alle år, og på sin 70 års dag fekk han ærespris. Då han låg på sjukehuset på sin 75 års dag, møtte mannskoret opp og song for han. Han hadde mange vener, og på hans gravferdsdag, var kyrkja fullsett. Mannskoret deltok med vakker song, og dei song også ved minnestundi etterpå.

Då han var heime i haust, tenkte ingen at det var siste gongen. Men slik er livet — «eit punst i sivet, et spill av krefter, som higer efter en evighet». Me som lever att, hev berre gode minner.

Til slutt vil me lysa fred og signing over hans minne.

Syskin. Brita Eikemo.

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyarar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam  
Medarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne

B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,

5601 Norheimsund — tfn. 8.

## Modalen over til Vaksdal

### Prestegjeld?

I det dette nummer av kyrkjebladet går i trykken har alle sokneråda i Vaksdal drøfta spørsmålet om overføring av Mo sokn til Vaksdal Prestegjeld.

Sokneråda sine framlegg om dette spørsmålet er mykje eins. Alle er samde om at reint geografisk er det naturleg at Mo går saman med Vaksdal Prestegjeld. Når ein køyrer til Eksingedalen, er det berre nokre km. gjennom tunnelen til Modalen.

Alle sokneråda ynskjer Me velkomen til Vaksdal, men gjer merksam på at Vaksdal er alt mykje vidsveimt, med 7 kyrkjer og tettstaden Stanghelle. Skal Mo leggjast til Vaksdal, er det heilt turvande at Vaksdal får noko meir presteteneste, helst ein hjelpeprest som gjerne kan bu på Mo.

I det bladet går i trykken, er det endå eit par soknemøte som ikkje har røysta over framlegget frå soknerådet. Når det er gjort vil saka gå vidare til kommunestyret og sokneråda i Osterfjorden Prestegjeld, som Modalen no høyrer til.

La oss be om at utfallet av denne

saka må bli slik at den ordninga som kjem, vil bli til det gode for alle partar.  
L. Bj.

## Høgt frå den himmelske klåra

Nils Øyo var ein gamal mann frå Vaksdal. Eit godt år fekk han ha heimen sin på Ulvik Alders- og sjukeheim.

Hausten -76 gjekk ferda attende til Vaksdal og 9. desember var det slutt på ferda — så langt vi kjenner henne her.

Underleg var det å lesa eit lite stykke som Nils Øyo hadde skrive til bladet «Stille Stunder» nett i haust:

Dei som hev livt ei tid kan hava både gode og mindre gode minne å tenkja attende på. Eit minne som eg tykkjer er godt, hende i kyrkja heime. Det hadde vore preik, og så skulle det vera nattverd etterpå. Det hadde vore noko myrkt for meg, so det var ikkje heilt klårt for meg kva eg skulle giera. Det vart likevel til det at eg fylgde dei andre nattverds gjestene opp til altarringen. Men so kom det underlege og løysande til meg. Medan me giekk fram til altarringen, tok organisten til å spela tonen til songen Høgt frå den himmelske klåra Fadrens auga kan sjå både din smil og di tåra. Hiarta kvi ottast du då?

Eg kan ikkje med mine ord seia kor det virka på meg, men det var som ei bør datt av meg, og hiarta fekk seia Gud takk. Om organisten var beden om å spela den salma av presten. veit eg ikkie. Ein ting er eg likevel heilt viss på. Det var Gud som gav meg denne helsinga. Han visste kva eg trong. Tonane var for meg frå Gud.

Helsing Nils Øyo.



## Den rike yngling

Bibelen setter punktum for hans senere lagnad, det samme burde jeg også gjøre. Men jeg kan ikke la være å undrende spørre, hvordan gikk det videre med denne ungdom som Jesus fikk kjær. Han gikk bedrøvet bort forteller skriften, men var det siste ordet —. Kom der en dag i hans liv, da han solgte alt for den kostelige perlen —?

For mig ligger det nær å tenke at han prøvet seg på troens vei, slik jeg gjorde. Guds ånd hadde vekket meg, og gav meg det råd at jeg skulde lese i Bibelen hver eneste dag det året som nettopp tok til.

Bibelplanen jeg hadde fått tak i, begynte med Matheus evangeliet. Det var ikke langt før jeg var i bergprekenens høie mål. Til å begynne med trodde jeg at med full investering skulle det gå. Uten å være klar over det var jeg begyndt å veve på min egen retferdighets-kledning. Renningen var fullkommen — men tråden i skyttelen var av så dårlig

## Kyrkjeblad for Vaksdal

Innkommne bladpengar des. 1976.

Nils Myster, Eidslandet	Kr. 420
Nils Thunestvedt, Stanghelle	» 170
Bjarne Thaule, Dale	» 170
Håkon Helle, Dale	» 230
Thea Bruvik, Dale	» 420
Vaksdal sokneråd	» 365
Direkte til kasseraren	» 120

Med helsing og takk.

Kasseraren

Kyrkjebladet har no fått nytt postgironr. Det er 5 72 34 73.

kvalitet at tråden slitnet gang på gang.

Når høsten kom det året ga jeg opp. Det var en trøtt veverske Herren klædte i Kristi rettferdighets kledning.

«Just som jeg er — ei med ett strå av egen grunn å bygge på.

Jeg uforskytt må nåde få. Og kommer o Guds Lom til dig.»

Johanne B. Helle.

## Konfirmasjonar 1977

Dale Kyrkje 8. mai

Vaksdal Kyrkje 8. mai

Stamnes Kyrkje 15. mai

Bergsdalen Kyrkje 15. mai

Eidslandet Kyrkje 22. mai

Nesheim Kyrkje 22. mai.

## Eldretreff Vaksdal

Me gjer med dette kjend at det vert eldretreff i prestebustaden på fylgjande dagar no i vår: 17. mars, 14. april og 26. mai. Det vert alle dagar som før kl. 16.00, og treng du bil ring prestebustaden. Alle frå 65 år er hjarteleg velkomen til ei hyggestund.

## Velkomen

til kosestund for pensjonistar?

Eldre og einslege?

I Forsamlingshuset Dale torsdag den 21. april kl. 16.00.

Kyrkjeforeininga og Husmorl. innbyr.

## Offer vegen

Å ofra er det beste du kan gjera

Eit fyredøme Frelsaren deg gav,

Men, ofra alt for andre det er seint å læra

for utakk er den løn som verda ofte gav.

Ofra, utan å bli heidra eller æra,

sjå det var vegen Jesus synte deg

Ofra alt, det som var aller kjærast,

ei det du sa, men det du var er det som veg.

Ofra, om du misskjent vert av verda,

ofra, om for di velgjerd du fær spott,

gjev det aldri råderom i sjela,

men seg og syng — no er det berre godt.

Ofra alt for Jesus, unge sjel

som Gud har kveikt i brann.

Vig ditt liv i teneste for Kristus,

her heime og ut i heidning land.

Ofra på Guds viljes alter,

heile viljen din han krev,

Kom med alt kva enn det deg skal kosta,

om du vil missa livet skal du finna det.

Ofra di framtid, din heim di æra,

legg det på alteret om Gud det krev.

Du er frelst av di at du skal tena.

Ei evig lov det i Guds rike er.

Å ofra det er sjølve løyndomen ved livet.

det liv som kjærleiks frukter ber,

Men krafti til å gå tilende offer vegen,

den finn du einast hjå din Gud på kne.

Guri Kvamme

## Frå Kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Endre Helle, fødd 10. okt 1976, døypt 2. jan 1977.

Merethe Wolf, fødd 26. nov. 1976; døypt 27. febr. 1977.

Birthe Oettel Laksey, fødd 16. okt. 1976, døypt 2. jan. 1977.

VAKSDAL:

Jostein Magne Vevatne, fødd 21. des. 1976, døypt 27. febr. 1977.

STAMNES:

Torben Dyvik Jacobsen, fødd 2. sept. 1976, døypt 2. des. Stadfesting av dåpen 1. jan. 1977 i Stamnes kyrkje.

Helge Hagen, fødd 21. okt. 1976, døypt 6. febr. 1977.

VIGDE:

DALE:

Bjørn-Anders Hilland og Aud Torunn Bolstad, vigde i Voss kyrkje 12. febr.

VAKSDAL:

Kristian Hausvik og Kari Faugstad, vigde 11. febr. i Voss kyrkje.

AVLIDNE:

DALE:

Svein Fotland, fødd 10. juli 1927, døydd 21. febr. 1977, gravl. 26. febr.

VAKSDAL:

Hilda Sofie Bruvik, fødd 17. april 1893, døydd 1 februar 1977, gravlagd 18. febr.

Magda Kristine Madsen, fødd 14. febr. 1893, døydd 13. febr. 1977, gravlagd 18. febr.

Johan O. Sæterdal, fødd 3. nov. 1896, døydd 25. febr. 1977, gravlagd 5. mars.

EIDSLANDET:

Johannes Eikefet, fødd 16. jan. 1896,

døydd 6. febr. 1977, gravlagd 12. febr.

Brita Maria Straume, fødd 27. juli 1894, døydd 27. januar 1977, gravlagd 3. febr.

Ingeborg Leiro, fødd 3. sept. 1890, døydd 17. febr. 1977, gravl. 26. febr.

#### EKSINGEDALEN:

Olav Tyssen, fødd 21. febr. 1925, døydd 14. febr. 1977, gravlagd på Flatekval 19. febr.

## Bibelen topper

Den nye oversettelsen av Det Nye Testamente i forskjellige utgaver, nådde den gyldne grense på 100.000 solgte eksemplarer også i sitt andre år på markedet. 100 794 er det endelige tall for bokmålsutgaven og 21 033 for nynorsk-utgaven. Den nynorske utgaven, som kom sent i 1975 solgte bedre i fjor enn i 1975, mens det var en naturlig nedgang i salget av bokmålsstemententer etter den store omsetningen det første året.

Bibelselskapets tall over bibelspredningen i Norge i fjor viser også at det ble solgt nær innpå 40 000 bibler, 34 053 på bokmål og 4 949 på nynorsk. Sammen, med ca. 30 000 bibeldeler gir det et samlet tall for bibelspredningen i fjor på 170 006 på bokmål og 29 772 på nynorsk. De tilsvarende tall for 1975 var 215 562 og 25 204.

Statistikken viser også at det i fjor ble solgt 298 bibler, nytestamenter og bibeldeler på samisk og 4 328 bibler eller deler av bibelen på andre språk. slik at den totale sum for all bibelspredning i Norge i fjor blir 204.404. mens tallet for 1975 var 246.159.

## Hjelp til foreldre

Vi hører og les støtt at heimane sviker oppgåva si, når folk drøftar ungdomsproblem. Kan hende er det rettare å seia at det er *hjelpa* til foreldra som svikar. Foreldre i det samfunnet vi no har, kjenner seg ofte rådlause og maktlause.

Bladet «VI FORELDRE» har no eksistert i 12 år. Det vil gjerne freista å gje hjelp til foreldre. Det vil gje kunnskap og røynsle både frå fagfolk og frå foreldre, og det vil gje hjelp til heimane på kyrkja si grunn. Det tek opp og drøftar spørsmål som gjeld ekteskap og familieliv, oppseding av borna og problem for ungdomen, spørsmål om skolen og heimane osb. Bladet er rikt illustrert og har ei tiltalende utforming. Det har fire nummer i året og kostar kr. 15 for eit årsabonnement.

«Vi foreldre» vert utgjeve av Institutt for Kristen Oppseding, Holbergs Plass 4, Oslo 1.

### Voss Samvirkeleg

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET

Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN

### DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

JA, HAN ER SARA FOR VÅRE  
BRØT, OG SUNDBRØTEN FOR  
VÅRE SYNDER, REFSING TIL  
FRED FOR OSS LAG PÅ HAN,  
OG I HANS SAR FANN ME LÆ-  
KJEDOM.

Jesaja 53,5.

## Velkommen til Kyrkja

#### Midtfastesøndag, 20. mars:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Knut Sellevoid. Orter til Norsk Luthersk Misjons-samband.

Eidslandet Kapell kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste. Offer til Kyrkjesal ved Eidslandet Kapell.

#### Marimesse, 27. mars:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Sellevoid. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp. Kl. 18.00. Konsert i Vaksdal Kyrkje. Sjå kunnngjering elles.

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste. Offer til Det Norske Misjons-selskap.

#### Onsdag 30. mars:

Dale Kyrkje kl. 19.00. Påsken i Ord og Toner. Dale Mannskor m.fl. Sjå kunnngjering elles.

#### Palmesøndag, 3. april:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste. Offer til Søndags-skulen og Y.A.

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Familiegudsteneste. Offer til Det Norsk Misjons-selskap.

#### Skirtorsdag, 7. april:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Soknepr. Bjørsvik. Nattverd.

#### Langfredag, 8. april:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

#### 1. Påskedag, 10. april:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Offer til kyrkjesal ved Dale Kyrkje.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved Res. kap. Steinnes. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

#### 2. Påskedag, 11. april:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved Res. kap. Steinnes. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

Eidslandet Kapell kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd. Offer til Det Norske Misjons-selskap.

#### Søndag etter påske, 17. april:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

#### 2. søndag etter Påske, 24. april:

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

#### 1. mai:

Dale Kyrkje. Sokneprest Bjørsvik, m.fl. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

Vaksdal Kyrkje. Res. kap. Steinnes m.fl. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

Sjå kunnngjering elles.

Hausvik og Faugstad <sup>1/5</sup>

Vaksdal

Telefon 3603.

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

*DALE, Tlf. 2421*      Frå      Til  
Måndag, Tysdag, Ons-  
dag og Fredag ...    8.30    15.00  
Torsdag ...    10.00    17.30

*VAKSDAL, Tlf. 3605*  
Tysdag og Fredag    8.30    15.00  
Torsdag ...    10.00    17.30

*STAMNES, Tlf. 3 a*  
Måndag    frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening  
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTIS  
SKOFORRETNING  
Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN** <sup>A/S</sup>

Tlf. 2240 DALEKVAM

**RADIO - TV**

Reparasjonsverkstad

**BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER**

**EIDE & PETERSEN** <sup>A/S</sup>

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG  
Ass. Landhandel og Bakeri  
FILIAL SKAFTÅ**

**Arth. og Arne Vaksdal  
HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

**Vaksdal koop. Handelslag**

**VAKSDAL**

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710,

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**